



BIOMEGA NORWAY AS
Skaganeset (JE)
5382 Skogsvåg

Sakshandsamar::
Grete Hamre

Rapport etter tilsyn ved Biomega AS

Kontrollnummer: 2021.375.I.SFVL

Kontaktpersonar ved tilsynet:

Frå verksemda:
Jarl Knudsen
Ronny Erdal
Ruben Arefjord

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Grete Hamre
Sissel Storebø

Frå Miljødirektoratet:
Rune Aasheim

Resultat frå tilsynet

Denne rapporten gjeld resultatet frå tilsynet ved Biomega AS den 18. januar 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 3 avvik og ga 1 merknad under tilsynet. Statsforvaltaren ser alvorleg på avvik 2 fordi utslepp frå kondensattanken vil kunne føre til stor miljøskade.

Avvik:

- Prosedyren for avviksbehandling omfattar ikkje avvik knytte til ytre miljø
- Verksemda har ikkje eit effektivt oppsamlingsarrangement for lagertank for kondensat
- Plasseringa av utsleppsleidninga i sjøen er ikkje i samsvar med krava i løyvet

Merknader:

- Verksemda manglar rutinar for kontroll av vassmengdemålaren
- Feitt som er samla opp vert ikkje registrert som biprodukt

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Kopi til:

- Øygarden kommune
- Miljødirektoratet

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: BIOMEGA NORWAY AS	
Organisasjonsnr.: 983090842	Eigd av: 982951879
Bransjenr. (NACE-kode): 10.209 - Bearbeiding og konservering av fisk og fiskevarer ellers	

Kontrollert eining

Namn: Biomega AS	Anleggsnr.: 4626.0239.01
Kommune: Øygarden	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Næringsmiddelindustri, unntatt fiskeforedling	
Løyve gitt: 27. mai 2011	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet var eit prøvetilsyn i samband med Statsforvaltaren sin tilsynsaksjon retta mot produsentar av fiskemjøl og fiskeolje. Det vart gjennomført for å kontrollere om verksemda held krava som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Sediment og grunnforureining
- Prosess og reinseutstyr
- Avfall
- Utslepp til luft
- Kjemikal
- Utslepp til vatn
- Tanklagring

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under tilsynet. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under tilsynet og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under tilsynet, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Biomega AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Biomega AS innan **1. juli 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ser alvorleg på avvik nr.2. Biomega AS må sende inn ei eiga skriftleg utgreiing som beskriv kva tiltak som er gjennomført for å lukke dette avviket. Gjennomføringa av tiltaka kan bli følgd opp ved ny kontroll.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland v/Grete Hamre.

4. Vedtak om gebyr

I samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta skal verksemder betale gebyr for tilsyn utførte av Statsforvaltaren. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta .

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda på e-post 12.01 2021.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Biomega AS betale eit gebyr på kr 20 300,- for tilsynet, jf. forureiningsforskrifta. Dette svarer til gebyrsats 3. Miljødirektoratet vil sende dykk faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Prosedyren for avviksbehandling omfattar ikkje avvik knytte til ytre miljø

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Kommentarar:

Verksemda pliktar å setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav som er fastsette i eller med heimel i lov.

Vi har observert:

Verksemda nyttar eit elektronisk kvalitetssystem frå Landax som også inneheld avvikssystem. Alle tilsette kan registrere avvik via ein app på mobiltelefonen.

Under tilsynet vart det avdekket at verksemda har mangelfulle rutinar for handtering av avvik ved at systemet ikkje inneheld avvikskategorien ytre miljø.

Avvik 2

Verksemda har ikkje eit effektivt oppsamlingsarrangement for lagertank for kondensat

Avvik frå:

Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) kapittel 18 «Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall»

Kommentarar:

Kapittel 18 i forureiningsforskrifta inneheld krav om at tankar som inneheld stoff som er væske ved normalt trykk og temperatur, skal ha eit effektivt oppsamlingsvern som minst rommar volumet til tanken og som toler dei aktuelle kjemikala eller det farlege avfallet.

Vi har observert:

På eigeidomen har Biomega AS ein lagertank for kondensat (petroleumsprodukt) som rommar 230 m³. Denne tanken har ikkje oppsamlingsarrangement. Under tilsynet kom det fram at verksemda ikkje kjende til om innhaldet på tanken ville oppføre seg som væske eller gass dersom det skulle førekomme ein lekkasje. Etter tilsynet har det vorte avklara at kondensatet er å rekne som ei væske som svarar til lett fyringsolje.

Kondensattanken er eigd og vert drifta av Gasnor. Det var ikkje avklara kven av Biomega AS og Gasnor som etter § 18-4 i tankforskrifta er ansvarleg for tanken. I ettertid har Miljødirektoratet vore på tilsyn hos Gasnor og funne tilsvarande avvik på ein kondensattank hos dei.

I samråd med juristane i Miljødirektoratet har vi kome fram til at vi gir same avvik til Biomega AS som Gasnor har fått når det gjeld oppsamlingsarrangement. Verksemdene må avklare seg imellom kven som er ansvarleg for å sikre tanken med oppsamlingsarrangement, og at han elles vert drifta i trå med kapittel 18 i forureiningsforskrifta.

Statsforvaltaren ser alvorleg på dette avviket.

Avvik 3

Plasseringa av utsleppsleidninga i sjøen er ikkje i samsvar med vilkåra i løyvet.

Avvik frå:

Utslippstillatelse etter forurensningsloven for Biomega AS, vilkår 3.4

Kommentarar:

«Virksomheten skal føre prosessavløpsvannet ut i sjø på en slik måte at innblanding i vannmassene blir best mulig. Utslippspunktet ligger om lag 110 m fra land og på om lag 50 m dyp ved Skogsvågen i Raunefjorden».

Vi har observert:

Under tilsynet opplyste verksemda at utsleppspunktet ligg på 20 m djupne 20 m frå land. Dette er ikkje i samsvar med kva som står i utsleppsløyvet.

7. Merknader

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Biomega AS manglar rutinar for kontroll av vassmengdemålaren.

Kommentarar:

Verksemda har måleinstrument for å kunne måle kor store mengder prosessavløpsvatn som vert sleppt ut. I internkontrollen er det ikkje etablert rutinar for å kontrollere om målaren viser rett vassmengd.

Merknad 2

Feitt som er samla opp, vert ikkje registrert som biprodukt

Kommentarar:

Biomega AS samlar opp feitt frå avløpsvatnet i reinseanlegget. Dette avfallet vert klassifisert som K2 biprodukt og vert levert til godkjent mottaksanlegg. Verksemda har ikkje registrert dette feittet som avfall eller biprodukt i eigenkontrollrapporten.

8. Andre tilhøve

Biomega AS har utsleppsløyve etter forureiningslova datert 27.05.2011. I løyvet er det vilkår som ikkje stemmer overeins med dei faktiske tilhøva ved produksjonen.

Under tilsynet vart det avklara at verksemda nyttar kondensat som brensel for forbrenningsanlegget. I etterkant av tilsynet har det vorte stadfesta at dette kondensatet er ein type flytande brensel som svarar til lett fyringsolje. I utsleppsløyvet står det at de nyttar naturgass, og grensene for utslepp til luft er gitt i tråd med dette. I søknadsdokumenta som låg til grunn for løyvet, kan det sjå ut til at begge typar brensel er nemnde, men at vilkåret som utslepp til luft er basert på bruk av naturgass.

I vilkår 1 i utsløpsløyvet som gjeld produksjonsramma, står det at verksemda har løyve til forureining frå mottak og foredling av fiskeavskjer og innmat frå lakseslakteri for ein produksjonskapasitet på inntil 60 000 tonn per år. Under tilsynet kom det fram at det ikkje går klårt fram av løyvet om dette gjeld råstoff eller ferdige produkt. Verksemda opplyste at de tek imot om lag 40 000 tonn råstoff per år, og at ca. 12 prosent av dette vert til olje, ca. 30 prosent vert til fiskemjøl og ca. 60 prosent vert til proteinkonsentrat med tørrstoffinnhald på ca. 60 prosent.

Verksemda sitt utsløpsløyve må oppdaterast for at dei faktiske aktivitetane skal vere i samsvar med vilkåra i løyvet.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta), kapittel 18 *Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall* og kapittel 27 *Forurensning fra forbrenningsanlegg for rene brensler*
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

10. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

-